

# INFORMASJONSAVIS

frå

## FARNES SKULE

SKULEÅRET 2023-2024



Farnes skule har klassar i 1. – 10. klassetrinn, 3 avdelingar i SFO, 351 elevar og 62 tilsette.  
Farnes skule har to skulebygg, eitt for barnesteget og eitt for ungdomssteget.

Farnes skule - barnesteg	tlf. 458 79 359
Farnes skule - ungdomssteg	tlf. 458 79 359
Kurt Jevnaker - rektor	tlf. 953 66 003
SFO dagleg leiar	tlf. 408 43 270

### **Til heimen – kjære elevar og føresette!**

Sommaren går altfor fort tykkjer mange, men for 6-åringane er skulestart noko nytt og spanande. Det er det for oss som skal ta imot dei nye elevane og. Kvart år tenkjer me på kva me kan gjera for at alle elevane skal møta med, og ikkje minst, opprethalda same entusiasme og motivasjon. Føresetnaden for god læring og utvikling er trivsel og respekt. For å få til det er me avhengige av eit godt samarbeid mellom heimen og skulen.

Det å sjå att elevane i klassen eller få nye elevar, møte motiverte føresette, kollegaer eller laga ein god årsplan er eit godt utgangspunkt. Korleis kan me som vaksne motivera ungane våre? Det beste me kan gjera er å gje hjelp og vera støttande. Gode vanar og klare reglar for kva som er rett og gale må vera ei prioritering.

God kommunikasjon mellom heim og skule medverkar positivt i vårt arbeid. Det er dykk som foreldre som har hovudansvaret for ungane sin danning og utvikling. De sit på unik kunnskap om ungane dykkar som me er heilt avhengige av for å støtta eleven si danning, læring og utvikling. Så er det vårt hovudansvar å ta initiativ til, og legga til rette for eit godt samarbeid. Formålsparagrafen i Opplæringslova, skulen sitt overordna styringsdokument seier mellom anna: «Opplæringa i skule og lærebodrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dørar mot verda og framtida og gje elevane ei historisk og kulturell innsikt og forankring».

Ein kan ikkje kjøpa det viktigaste ungane treng. Her er det eigeninnsats som tel. Å kunna stilla opp for dei, ha klare reglar samt vera gode rollefigurar er noko av det viktigaste me kan gjera. Ungane våre er «på lån» for ei tid, før dei skal ut i verda og stå på eigne bein!

Velkommen til Farnes Skule og eit godt samarbeid i det nye skuleåret!

Kurt Jevnaker  
- Rektor -

# **TILTAKSPLAN MOT KRENKJANDE ORD OG HANDLINGAR SOM MOBBING, DISKRIMINERING, VALD ELLER RASISME**

## **FARNES SKULE**

**Mål: Alle skal inkluderast og ha rett på eit godt psykososialt miljø!**

***Farnes skule sine reglar mot krenkjande ord og handlingar som mobbing, diskriminering, vald og rasisme.***

- ◆ Vi skal ikkje bruke krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme mot andre elevar!
- ◆ Vi skal hjelpe elevar som blir utsett for dette.
- ◆ Vi skal også vere i lag med elevar som lett blir åleine.
- ◆ Vi skal fortelje det til kontaktlæraren, administrasjonen og til dei heime når vi ser eller veit at nokon vert utsett for krenkande ord eller handlingar.

### **Vald:**

- All fysisk eller psykisk skade på ein person.
- Vald er og skade på inventar og bygning.
- Aktiv fysisk vald er å bruke fysisk makt mot ein person som t.d slag, spark, dytting, haldning, lugging, biting, evnt. bruk av våpen mm.
- Aktiv psykisk vald er verbal krenking, maktutøving, systematisk forneding, trugsmål om fysisk vald, seksuell eller anna trakkasering.

### **Definisjon av krenkjanå åfferd, ord og handlingar**

- Krenkande ord og handlingar som for eksempel mobbing: negativ eller vondsinna åfferd frå ein eller fleire personar- retta mot person eller personar som har problem med å forsvare seg-, og som ofte gjentakast over tid.  
Dome: plaging , språkleg trakkasering om utsjānad, misdanningar eller funksjonshemningar eller anna negativ vondsinna åfferd  
Manglande ballanse i høve faktisk eller opplevd styrketilhøve (D. Olweus) Det er viktig å undeinstreke at krenkande ord og handlingar kan vere enkelståande ytringar/ hendingar som ikkje har eit element av gjentaking

### **Utestenging**

- Tyder at nokon så godt som alltid blir eller opplever å bli halden utanfor gruppe eller klasse.

### **Rasisme / diskriminering**

- Inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, på grunn av anna hufarga, utsjānad, språk mm.
- Tyder at ein person vert dårlegare handsame til dømes på grunn av kjønn, seksuell legning, funksjonsevne, tru eller opphav mm.

## 2.Tiltak som skal førebygge krenkjande ord og handlingar på Farnes skule

Tiltak :	Ansvar:			
	Elevar	Foreldre	Lærarar	Adm.
Skulen vil bruke ordensreglementet og vurdering i orden og åtferd aktivt for å ivareta eleven sitt psykososiale miljø.			x	x
Alle klassar skal ha reglar for arbeid og samvær i klassen. Desse reglane skal underskrivast i oppstartsmøte med rektor om hausten. Reglane skal følgjast opp jammleg.				
Rektor/inspektør skal ha faste treffpunkt med klassane to gonger i året der mobbing er tema. Oppstartsmøte med rektor/inspektør om hausten. Oppfølgingsmøte med inspektør/event. rektor i vårhavlvåret. Eventuelt fleire møte ved behov.			x	x
Trivsel og klasse-/skudemiljø skal alltid vere på dagsorden på møta i alle råd og utval:  Klasseråd/klassemøte Elevråd Personalmøte FAU SU	x x	x	x x x	x x
Trivsel skal vere tema på alle elevamtalar og alle elev-/foreldresamtalar. I desse samtalane skal det arbeidast med å utvikle god sosial kompetanse hjå alle elevar.		x	x x	
Tema på elev-/foreldremøta kvar haust: <ul style="list-style-type: none"><li>- Førebygging av krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.</li><li>- Korleis kan vi skapa eit godt klassemiljø?</li><li>- Møtet skal munna ut i ein plan for klassemiljøtiltak.</li><li>- Foreldre får informasjon om deira rett til å få eit enkeltvedtak i forhold til §9a-3</li></ul>		x	x	
Inspeksjon: Vi skal ha ei god vaktordning med aktive lærarar og administrasjon som involverer seg og følgjer opp. Eldre elevar som ynskjer det, kan få vere elevvakter			x	x
Personalet skal informere kvarandre ved å ta opp ting som har skjedd og informere om elevar som treng spesiell oppfølging. Dette skal skje på husmøta og i andre høvelege fora.			x	x
Elevane skal bli kjende med kvarandre: <ul style="list-style-type: none"><li>- Fadderordning 1. og 4.kl.</li><li>- Aldersblanding</li><li>- Styrke samvær og samarbeid på klassesteget</li></ul>			x x x	x x x
Elevar, foreldre og tilsette skal arbeide for å skape eit godt klasse- og elevmiljø, t.d. gjennom følgjande tiltak: <ul style="list-style-type: none"><li>- Venebenk på skuleplassen på barnesteget</li><li>- Venskapsgrupper</li><li>- Familiegrupper</li><li>- Stjerneven/stjerneunge</li><li>- Hemmeleg ven</li><li>- Munnlege fødselsdagsgåver</li><li>- Loggbok</li><li>- Tenkjbok</li><li>- Leik</li><li>- Turar/overnattningsturar</li><li>- Få høve til å gå utafor skulen sitt område i friminutta (u- steget)</li><li>- Massasje</li><li>- Festar/diskotek</li><li>- Samtalegrupper</li></ul>	x	x	x	x

### **3.Tiltak vi skal bruka for å avdekka om elevar på Farnes skule blir utsett for krenkjande ord eller handlingar**

Tiltak :	Ansvar:			
	Elevar	Foreldre	Lærarar	Adm.
<p>Skulen si leiing skal informere 2 gongar for året, haust og vår, alle ansatte ( Lærare, assistenter, kontorpersonale, vaktmeister, reingjeringspersonale) om deira handlings- og varslingsplikt.</p> <p>Lærarane og administrasjonen skal aktivt observere gjennom heile skuledagen, m.a. gjennom inspeksjonsordninga.</p> <p>Elevane skal observera, sjå etter og seja frå, munnleg, med lappar, i loggbok eller i postkasse.</p> <p>Vi skal sjå spesielt etter dei som er åleine.</p> <p>Tema i alle elevsamtalar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kontaktlærarar skal stilla følgjande spørsmål:</li> </ul> <p>Blir du utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme?</p> <p>Blir elevar i klassen, utsett for krenkjande ord eller handlingar, som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme?</p> <p>Blir andre elevar på skulen utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing ,vald , rasisme eller diskriminering?</p>	x		x	x
<p>Det psykososiale miljøet til eleven skal vere tema i alle elev-/foreldresamtalar.</p> <p>Det psykososiale miljøet skal vere tema på alle klassemøte/klasseråd.</p> <p>Lærarane skal arbeide for å få til ein god dialog.</p>	x	x	x	
<p>Samtale med</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- rådgjevar</li> <li>- helsesøster (helsesirkelen)</li> <li>- PPT</li> </ul> <p>Elevar tek sjølve kontakt.</p> <p>Kontaktlærar formidlar kontakt.</p>	x			
<p>Foreldra må vere observante i samvær med barna.</p> <p>Alle foreldre må snakke med barna sine og melda frå til skulen ved mistanke om krenkjande ord og handlingar.</p> <p>Foreldra må ha god dialog med kvarandre.</p>	x	x	x	
<p>Spørjeundersøking om trivsel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Undersøking blant elevane kvart år før haustferien.</li> <li>- Undersøking blant foreldra i regi av FAU kvar haust.</li> </ul>	x	x	x	x

### **4.Tiltak vi skal bruke når det er oppdaga at elevar ved Farnes skule vert utsett for krenkjande ord og handlingar**

Tiltak:	Ansvar:			
	Elevar	Foreldre	Lærarar	Adm.
<p>Når vi oppdagar eller få beskjed om at en elev/ elever vert utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme skal vi gjere følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <b>I slike tilfeller må leiinga på skulen straks bli informert.</b></li> <li>2. Foreldre /føresette / eleven må bli gjort merksame på skjema: "Titak for eit betre psykososialt miljø". ( Dette finn ein på skulen sin heimeside.</li> <li>3. Ved brot på §9a-3 er skulen pliktig til å fatte eit enkelt-vetak etter reglane i forvaltningslova dersom ein elev eller foreldra kjem med oppmodning om tiltak i høve eleven sitt psykososiale miljø.</li> <li>4. Samtale med den som blir utsett og den som utset kvar for seg.</li> </ol>		x x x	x x x	x x x

<p>5. Møte mellom den som blir utsett og den som utsett. Kontakt/møte med heimane.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Konsekvensar /avtale om tiltak vert bestemt i kvart einskild tilfelle og skrive i enkeltvedtaket.</li> </ul> <p>6. Oppfølging</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Informasjon til personalet. Alle skal ta ansvar.</li> <li>- Oppfølging av enkeltvedtak i samsvar med avtale / tiltak som er inngått.</li> </ul>			
<p>Døme på konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bortfall av friminutt ute (småskulesteget)</li> <li>- Mobbaren går saman med inspiserande lærar i friminutta (b- steget)</li> <li>- Mobbaren sit ved adm.kontora i friminutta</li> <li>- Utelukking frå klasseturar/fellesarrangement</li> <li>- Mobbaren må ha følgje av foreldra på klasseturar/fellesarrangement</li> <li>- Åfferdsmerknad (u-steget)</li> <li>- Foreldra følgjer den som mobbar til og frå skulen</li> <li>- Gjensitting og event. byrje tidlegare</li> <li>- Utvising</li> </ul>			

### Om mobbing:

*"Alle barn og unge som er tilskodarar til denne utstøytingsprosessen, som kan vere svært brutal og grufull, blir ille ved og opprørte.*

*Det er skoleplikt i Noreg, og alle barn og unge må gå på skolen.*

*Derfor har dei òg sterke rettar. Alle har rett til eit trygt og godt læringsmiljø utan mobbing.*



## SKULERUTA FOR GRUNNSKULANE I ÅRDAL 2023/2024

August	Skulestart: Måndag 21.august	9 skuledagar
September		21 skuledagar
Oktober	Haustferie: 9.-13.oktober (veke 41)	17 skuledagar
November	Elevfri dag: Fredag 3. november	21 skuledagar
Desember	Juleferie frå 21.desember	15 skuledagar
Januar	Første skuledag etter nyttår: Onsdag 3. januar	22 skuledagar
Februar	Vinterferie: 19.-23.februar (veke 8)	16 skuledagar
Mars	Siste skuledag før påske: Fredag 22.mars	16 skuledagar
April	Første skuledag etter påske: Tysdag 2.april	21 skuledagar
Mai	Elevfri dag: Fredag 10.mai	18 skuledagar
Juni	Siste skuledag: Fredag 21.juni	14 skuledagar
	Til saman:	190 skuledagar

# ÅRSPLAN FOR SAMARBEID HEIM-SKULE VED FARNES SKULE

Etter avtale:

Foreldra har kome med ynskje om eit møte pr. år der dei kan kome saman og diskutere eit tema dei er opptekne av.

TID	MØTE	TEMA	ANSVAR
Jan./febr.	Planleggingsmøte til klasseforeldremøte	Kontaktlærar og klassekontakt + event. elevrep. drøftar innhaldet i møtet.	Klassekontakt og event. andre foreldre
Jan./febr.	Klasseforeldremøte	Tema til diskusjon	Kont.lærar/kl.kontakt
Etter avtale	Aktivitetskveld, turar m.m.	Hyggeleg samvære for elevar med føresette/fam.	Klassekontakt
Før 23. sept.	Planleggingsmøte til Klasseforeldremøtet	Kontaktlærar og klassekontakt + event. elevrep. drøftar innhaldet i møtet. (Ev. telefonkontakt)	Kontaktlærar
Før 23. sept.	Klasseforeldremøte	Val av klassekontakt. Orient. om skuleåret. Bli einige om fellesarr. for skuleåret, sjå også utviklingspl. - SAMTAK	Kontaktlærar/ Klassekontakt
Oktober	Elev-/foreldresamtale 2.-10.klasse  Elev-/foreldresamtale 1.kl.	Evaluering av einskildelevar. Grunngjeving og rettleiing til terminkar. for 9.-10.kl.  Planlegging av arbeidet det neste halve året. Oppsummering av samtalen i eige skjema, kopi heim Ca. 30 min. "Bli-kjend-samtale"	Kontaktlærar / Heimen
Nov.	Elevsamtales med alle elevar	Drøfte arbeidet til eleven og fokusere på faglege og sosiale mål som er sett opp	Kontaktlærar

TID	MØTE	TEMA	ANSVAR
Desember		Juleavslutningar	Elevråd/lærar-teama/adm.
Ca.15.jan		Utdeling av karakterbøker for 8.-10.kl.	Kontaktlærar
Februar	Elev-/foreldresamtale 8.-10. klasse	Evaluering av einskildelevar. Grunngjeving og rettleiing til terminkarakterane. Planlegging av arbeidet det neste halve året. Oppsummering av samtalen i eige skjema, kopi heim. Ca. 30 min.	Kontaktlærar / Heimen
Mars	Individuelle møte	Søknad vidaregåande skule	Rådgjevar
Mars/april	Elevsamtales med alle elevar i 8.-10.klasse	Drøfte arbeidet til eleven og fokusere på faglege og sosiale mål som er sett opp.	Kontaktlærar
Mars	Elev-/foreldresamtale 1.-7. klasse	Evaluering av einskildelevar. Oppsummering av samtalen i eige skjema, kopi heim. Ca. 30 min.	Kontaktlærar
Mars	Foreldremøte 1.kl.	«Foreldre som gode støtte-spelarar.» Rusførebyggande arbeid	Kontaktlærar / adm/rusmiddelkons./PPT
April/mai	Foreldremøte 7.kl	Orientering om overgang til u-steg/ leirskule	Adm/rådgjevar/ Kontaktlærar
Mai	Elevsamtales 1.-7. klasse	Drøfte arbeidet til eleven og fokusere på faglege og sosiale mål som er sett opp.	Kontaktlærar
Juni	Eksamensfest 10. kl	Vitnemål 10. kl.	Kontaktlærar/administrasjon
Juni Ca. 1 veke før skuleslutt		Vurderingsskjema 1.-7.kl. Vurderingar/karakterar Elevar og foreldre har høve til å kontakte lærarar med spørsmål om grunnlaget for karakterane	Kontaktlærar Kontaktlærar

I tillegg kan foreldre få åleinesamtale med lærar når dei ynskjer det.

Vurderingsskjema ligg i elevarkivet; foreldre og elevar har innsynsrett i si elevmappe.

# RÅD OG UTVAL VED FARNES SKULE

Råd og utval ved skulen er grundig omtala i **Opplæringslova** kapittel 11 **Organ for brukarmedverknad i skolen**. Her finn ein retningslinene for samansetjing, val og ansvarsområde. Det er avgjerande for ein god skule at brukarorganana fungerer godt. Rektor og dei tilsette har eit særleg ansvar for å leggja til rette for brukarmedverknad, men foreldra/føresette og elevane må ta eit sjølvstendig ansvar for å fylla retten til medverknad med røelt innhald.

SAMARBEIDSUTVALET		
Årdal kommune 1 repr.	Rektor	Andre tilsette 1 repr.
Arbeidsutvalet i foreldrerådet 2 repr.	Lærarkolleget 2 repr.	Elevrådet 2 repr.
Føresette - Lærarar - Elevar K L A S S E K O N T A K T A R		
* Alle foreldre/føresette er medlemmer i Foreldrerådet ved skulen. * Foreldrerådet har eit valt arbeidsutval, FAU, med 1 repr. frå kvart årssteg og leiar som vert vald på årsmøtet.		

**SKULEMILJØUTVALET:** 7 repr.(elevar og føresette har fleirtal) 2 elevar, 2 føresette, 1 frå andre tilsette , 1 politisk vald og rektor.

## ORGANISERING AV ELEVRAÐSARBEIDET

Retningslinene for organisering av elevrådsarbeidet finn ein i **Opplæringslova** kapittel 11, § 2. Fordi vi har ein stor skule med barnesteget og ungdomssteget i kvar sin bygning, har vi delt ansvaret for og organiseringa av elevråda tilsvarande. Dette inneber at kontaktlæraransvaret for 5. – 7. klasse er lagt til ein kontaktlærar på barnesteget, Siv Hege Øy, og for 8.-10. klasse til ein kontaktlærar på ungdomssteget, Randi Brekke. 1. – 4.- klasse har berre klasseråd

I samråd med rektor skal dei to kontaktlærarane organisere felles møtepunkt mellom elevråda for å ivareta heilskapen i elevrådsarbeidet og saker som gjeld heile heile skule.

Innkalling og referat frå møta kan ein finna på heimesida, <http://www.ardal.kommune.no/index.php?cat=190285>



## SAMARBEID OM ARRANGEMENT FOR ELEVANE:

Kvart år arrangerer elevrådet og administrasjonen ved skulen arrangement der vi er avhengige av hjelp frå foreldre.

**Julefest for 8.-10.kl.:**

**Avslutningsfesten for 10.kl.:**

**Foreldre i 8. klasse hjelper til.** Brev til klassekontaktane vert send ut i desember.

**Foreldre i 9. klasse hjelper til.** Brev til klassekontaktane vert send ut i mai/juni.



# **VIKTIG INFORMASJON!**

## **FRI FOR ELEVAR UTANOM VANLEG FERIETID:**

I § 2-1 'Rett og plikt til grunnskoleopplæring', heiter det:

*'Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter.....'*

I § 2-11 'Permisjon frå den pliktige opplæringa', heiter det vidare:

*Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.*

*Elevar som hører til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørger for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.'*

## **Retningsliner for elevfri utanom skuleferiane:**

### **1. Kven kan gi fri:**

- 1.1. Kontaktlærar kan gje ein elev fri i inntil 3 dagar. Grunngjeven søknad i meldingsboka eller elektronisk.
- 1.2. Rektor kan gje ein elev fri i inntil to veker. Grunngjeven søknad i eige brev, i meldingsboka eller elektronisk.
- 1.3. Søknader utover to veker vert ikkje innvilga, men i svaret frå skulen vert foreldra informerte om retten til å ta elevane ut av skulen for å gi dei privat opplæring, jfr. Opplæringslova §2-13.

### **2. Vilkår:**

- 2.1. Elevane har både rett og plikt til opplæring. Prinsipielt fell ansvaret for at elevane får undervisning/opplæring over på foreldra når dei ber om å få ta elevane ut av skulen.
- 2.2. Ved fråvær må foreldra og skulen vera samde ein plan for skulearbeidet.
- 2.3. Skulen skal sjå til at elevane ikkje er så mykje borte at det går ut over opplæringa.

## **ELEVOPPLYSNINGAR/INNSYNSRETT:**

Elevopplysningar vert lagra i skulen sitt arkiv. Alle foreldre/føresette har rett til å sjå det som er lagra om barna deira i elevmappene på skulen. Alle elevar har innsynsrett frå 1.klasse. Foresette kan og gå inn på Visma Flyt Skole.

## **INFORMASJON FRÅ SKULEN OM ELEVAR NÅR FORELDRA IKKJE BUR SAMAN.**

Til vanleg har alle foreldre, sjølv om dei ikkje bur saman, rett til informasjon frå skulen. Reglar for dette er fastsett i KUF-rundskriv F36/98.

Avtale om korleis dette kan gjerast, må avtalast med kontaktlærar.

## **FLYTTING FRÅ ÅRDAL/ADRESSEENDRING I ÅRDAL:**

Flytting må meldast til skulen så tidleg som mogleg. Ved skifte av skule skal berre dei opplysningane som er naudsynte for den vidare skulegonga sendast til den nye skulen.

Elev/føresette skal gjerast kjende med kva som vert sendt og ha høve til å uttale seg.

Adresseendring i Årdal må også meldast til skulen snarast råd.

## **SKULEMJØLK OG SKULEFRUKT:**

Alle elevane på Farnes skule får høve til å kjøpa lettmjølk, ekstra lett mjølk, laktosefrimjølk og laktosefrei kakaomjølk på skulen. Årdal kommune gir tilbod om gratis frukt til alle elevar i grunnskulen.



## **ATTGLØYMDE KLEDE M.M.:**

### **Attgøynde klede m.m.:**

- for **småskulesteget** vert alt samla i korgene i garderobane til kvart årstrinn.
- for **mellomsteget** heng det utanfor klasseromma ei stund, men etter kvart blir alt samla i hyller i nedgangen til kjellaren/tilfluktsromma på barnesteget.
- **Alt frå spesialrom** som gymsal, musikk og kunst og handverk vert også samla i nedgangen til kjellaren.
- på **ungdomssteget** samlar vaktmeister saman attgløynde klede.

**Verdisaker** som klokker, smykke, nøklar o.l. tek sekretæren for barne- og ungdoms-steget vare på.

**Ta kontakt!**

## **KRLE: KRISTENDOM, RELIGION, LIVSSYN OG ETIKK.**

Kunnskapsdepartementet fastsette ny læreplan i religion, livssyn og etikk for grunnskulen frå 1. august 2015, og erstatta læreplanen i religion, livssyn og etikk (RLE).

I KRLE-faget er det rett til eit begrensa fritak frå dei delar av undervisninga som foreldre, ut frå eigen religion eller eige livssyn, opplever som utøving av annan religion eller tilslutning til andre livssyn.



## **ERSTATNING FOR ØYDELAGDE BRILLER/KLEDE:**

Skulen sitt regelverk seier at skulen har ansvar for øydelagde briller når skaden skjer i skuletida.

For at skaden på briller skal bli dekka av Farnes skule må det vera eit uhell / ulykke og ikkje vera sjølforskyldt.

Det er laga eit eige skjema/rekvisisjon som skal nyttast ved skade/reperasjon på briller.

Læraren e.a. skal fylle ut skjemaet så snart som mogeleg og skriva kva som har skjedd.

Skjema skal leverast til administrasjonen som vedtek om dette er ein skade som skulen skal dekka eller ikkje.

Dersom det vert godkjent skriv ein frå administrasjonen under og sender skjemaet på e-post til Interoptik Årdal.

Til vanleg vert det ikkje betalt ut erstatning for klede, men det har vore tilfelle der elevar i spesielle høve også har fått erstatta dette.



## **INFORMASJON OM LÆREBØKER:**

Det skal vere bokbind på lærebökene heile skuleåret, jfr. Ordensreglement for Farnes skule.

Dersom lærebøker vert stygge eller øydelagde på grunn av skribling, medvite øydelegging eller slury, vil dette medføre eit erstatningsansvar. Erstatningsbeløpet vert avskrive med 20% for kvart år i høve til innkjøpspris.

## **FREMJING AV ERSTATNINGSKRAV I SAMBAND MED HÆRVERK/UAKTSEMD:**

På skulestyremøte 29/10-74 vart "LOV OM SKADEERSTATNING: ANSVAR I VISSE SÆRLIGE FORHOLD" gjort gjeldande ved alle skulane i kommunen. Barn og ungdom under 18 år plikter å erstatte skade som de forvolder forsettlig eller uaktsomt, for så vidt det finnes rimelig under hensyn til alder, utvikling, utvist adferd, økonomisk evne og forholdene ellers". "Foreldre plikter å erstatte skade voldt av barn og ungdom under 18 år, pr. i dag inntil kr. 5000.-"

## **RUTINAR VED SKADE PÅ ELEVAR**

Når ein elev er uheldig og skader seg på skulen slik at vedkomande må til lege, har vi desse rutinane:

- ⇒ Skulen sender/følgjer eleven til lege/tannlege og det vert skrive intern skademelding av lærar
- ⇒ Det skal fyllast ut skademelding av lege/tannlege som skal sendast til forsikringsselskap
- ⇒ Vi orienterer foreldra/føresette om uhellet.
- ⇒ Foreldra/dei føresette betaler eventuelle legerekningar.
- ⇒ Foreldra/dei føresette tar kontakt med NAV for eventuelt å få refundert utgiftene
- ⇒ NAV vurderer om dette kan registrerast som yrkesskade. Viss det skjer, blir utgiftene refundert.

Viss eleven skader seg på veg til eller frå skulen, følgjer vi same rutinane som nemnt ovanfor, men refusjonskravet blir sendt til Årdal kommune (Farnes skule) som sender det vidare til kommunen sitt forsikringsselskap.

## **BRUK AV SYKKELHJELM**

Alle elevar ved Farnes skule får gjennom eit samarbeid mellom Årdal Tenk Tryggelik, Farnes skule og FAU ved Farnes skule utdelt sykkelhjelm og sykkellykter i samband med at dei har sykkelprøve om våren i 4.klasse. Siktemålet er då at dei skal bruke hjelm når dei syklar for å hindre alvorlege hovudskader ved uhell, og bruke lys på sykkelen når dei syklar i mørke eller ved dårleg sikt.

Skulen oppmodar alle elevar om å nytte hjelm ved sykling til og frå skulen. Alle elevar skal bruke hjelm når dei syklar i skuletida.

## **SKULEN SINE SAMARBEIDSPARTAR:**

Skulelege, kommunalelege

tlf. 57 66 53 90

Helsesøster ungdomssteg: mandag og fredag

tlf. 94 13 80 67

Helsesøster barnst.:mandag, onsdag, torsdag

tlf. 48 89 49 02

Fysiotapeut

tlf. 99 22 48 39

Skuletannlege

tlf. 57 66 30 44

Leiar PPT Vibeke Fusche Moe

tlf. 90 11 62 47

Audiopedagog Elisabeth Formo

tlf. 45 87 93 77

Spesialpedagog Liv Kari Kvam


tlf. 45 87 93 79

Rektor for Årdal kommunale musikk-og kulturskule, Sigyn Øren

tlf. 90 25 19 37

# SKULEHELSETENESTA

5 – 6 år: **Skulestartundersøking.** (helsesøster og skulelege )  
**Undersøking i gruppe av fysioterapeut**  
Oppsummeringsmøte med skulen.



- 1 klasse: **Zippys venner**  
2 klasse: **Polio/DT/kikhostevaksine.**  
Zippys venner  
3 klasse: **Helseundersøking hjå helsesøster**, vekt/lengde, syn  
5 klasse: **Helseundersøking hjå helsesøster.**  
Hesesirkel, syn og høyrsel, høgde og vekt.  
Pubertetsundervisning i grupper, jenter.  
6 klasse: **MMR vaksine**  
Pubertetsundervisning i grupper, gutter.  
7 klasse: **HPV vaksine**  
8 klasse: **Individuell samtale med helsesøster.**  
Hesesirkel, syn, høgde/vekt  
Prosjekt ”Alle har ei psykisk helse”  
9 klasse: **Mantoux og BCG vaksine på indikasjon**  
Prevensjonsundervisning i grupper  
Prosjekt ”Alle har ei psykisk helse”  
10 klasse: **Polio/DT/kikhostevaksine**  
Undervisningsgrupper sex/samliv .  
Prosjekt ”Alle har ei psykisk helse”  
  
**Samtalegrupper ved behov.**  
**Høyrselstest ved behov.**

## Kontortid for helsesøster haust 2023:

Farnes skule u.steg: Hege Høl Vee	mån- og fredag kontorfløyen	tlf 94 13 80 67	kl 08.00 – 14.00
Farnes skule b.steg: Karoline S Igelkjøn	mån-ons- og torsdag-kontorfløyen	tlf 48 89 49 02	kl 08.00 – 14.00

## VISMA FLYT SKOLE-MIN SKOLE.APP FOR FØRESETTE

Appen « Min skole» skal forenkla dialogen mellom skule og heim for føresette med born i grunnskulen/skulefritidsordningen.

Via appen vil føresette kunne kommunisere med skulen/SFO og ta imot informasjon frå skulen/SFO. Data frå appen vil bli handsama og lagra i tråd med gjeldande regelverk.

Appen må lastast ned og ein kan lesa meir her:

<https://www.visma.no/skoleadministrasjon/grunnskole/min-skole/>

Vel kommune ARDAL.

Dersom de har spørsmål gjeldande appen, ta kontakt med:

Farnes skule Ann Kristin Fjeldstad 45879359

## Visma flyt skole- min skole- App for føresette skulen

Desse funksjonane finst i appen til føresette i dag:

- Sende melding til ein eller fleire tilsette i skulen
- Ta imot melding frå skulen
- Melde og redigere fråvare

## Heimeweb føresette – frå juni 2021

- Føresette kan etter vurderingane er blitt publisert logge inn og lese dette digitalt
- For klassane 1 – 7 vil det kun bli digitale vurderingar
- Når karakterane for klasse 8, 9 og 10 er fastsette, kan føresette logge inn for å lese

# Visma flyt skole- min skole- App for føresette SFO

Det er elektronisk inn og ut registrering av borna i SFO.

Av praktiske årsakar kan ein senda inn beskjeder som gjeld same dag fram til kl 13.00.

Etter kl 13.00 må ein nytte telefon til SFO avdelingen.

Farnes SFO – telefon: Kasper 45879362 / Jesper 99398369 / Jonatan 95269311.

## SFO tilstedeværelse

Føresette vil sjå eit SFO-ikon nede i høgre hjørne av appen. Føresette kan under SFO sjå følgjande:

- info om barnet sitt SFO-opphald.
- merknadar registrert av SFO for den enkelte dag - f.eks "Hugs tursko på mandagar".
- merknadar/hentemelding registrert av føresett
- når barnet har blitt sjekka inn/ut av SFO, samt om barnet skal gå heim sjølv eller ikkje, ligg under valet 'Tilstedeværelse'.

I tillegg kan føresette sjølv

- registrera inn merknadar på SFO tilstedeværelse på
  - enkeltdagar
  - repeterande vekedagar, feks alle torsdagane i ein periode
  - periode (fleire enkeltdagar)

## SKULESKYSS

### Måndag - fredag:

Frå Svalheim til Elvavegen: kl. 08.10

Frå Elvavegen til Svalheim: kl. 13.12 (NB: Ikkje torsdag)

Frå Elvavegen til Svalheim: kl. 14.33

- Skulen har tilbod om bussfølge til/frå skulebussen for dei minste elevane



Du har rett på gratis skuleskyss dersom:

- avstanden mellom heim og skule er 2 km eller meir (1. årstrinn) eller 4 km eller meir (2. – 10. årstrinn). Avstanden gjeld kortaste gangbare veg mellom heim og skule.
- du på grunn av funksjonshemmning, skade eller sjukdom har behov for skyss, uavhengig av avstanden mellom heim og skule.
- der er nødvendig med båt eller ferje, utan omsyn til avstanden mellom heim og skule.

Du kan ha rett på gratis skuleskyss dersom:

- du har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, uavhengig av avstanden mellom heim og skule – ta kontakt med kommunen.

Du kan bli pålagd å gå frå heim til haldeplass:

- inntil 1 km for 1. årstrinn
- inntil 2 km for 2. – 10. årstrinn

Årdal kommune har bestemt at:

- alle elevar i Utladalen i 1.-4.klasse får gratis skuleskyss
- elevar i Utladalen i 5.-10.klasse får gratis skuleskyss i tida 1.november-31.mars

Elevar med gratis skuleskyss får personlege elektroniske reisekort med påtrykt namn.

Ved tap av kort må brukar betale 100 kr for nytt kort.

# TRANSPORT AV ELEVAR I PRIVATE BILAR

I samband med ekskursjonar av ulik art kan det vere aktuelt å nytte tilsette ved skulen eller foreldre som sjåførar. Slik transport av elevar/barn skal vere godkjent av foreldra. Skulen må ha melding dersom foreldre reserverer seg mot slik transport.

Kravet er som elles at transporten skjer på forsvarleg måte. Bilane må vera i forsvarleg stand, og reglar vedrørande sikring av barn i bil må vera oppfylt.

## LEKSEHJELP

Farnes skule har tilbod om leksehjelp for alle elevar i 4.-10.klasse. Leksehjelpa skal bidra til betre læringsgjennomgang gjennom tidleg innsats og styrke skulen si rolle som verktøy for sosial utjamning. Leksehjelpa er gratis, og det er frivillig for elevane å delta.

Tilbodet er 2 timer i veka for 4. klasse og 1 time i veka for 5. - 10.klasse og vil verte organisert slik tabellen under syner:

Måndag	Tysdag	Onsdag
Kl.13.15-14.15: 4.klasse	Kl.14.30-15.30: 8.klasse	Kl.13.15-14.15: 4.klasse
	Kl.14.30-15.30: 9.klasse	Kl.13.15-14.15: 5.klasse
	Kl.14.30-15.30: 10.klasse	Kl.13.15-14.15: 6.klasse
		Kl.14.30-15.30: 7.klasse

Leksehjelpa vil føregå i klasserommet til elevane med lærar eller assistent til stades.

## KVAR KAN DE SOM FORELDRE/ FØRESETTE SØKJA HJELP?

### Nyttige adresser:

**"Foreldreveileddningsprogrammet"** [www.foreldreveileding.dep.no](http://www.foreldreveileding.dep.no)

Dette har som mål å støtta og styrka foreldre i arbeidet med å oppdra barn.

Her finn du: a. informasjon om programmet, b. Temahefte som kan vera nyttige for deg som forelder.

c. Oversikt over bøker, hefte og videoer om samhandling mellom foreldre og barn.

**"Bekymringstelefonen for foreldre" 810 03 940 (nærtakst) "Bekymringsmail":** [bekymring@vfb.no](mailto:bekymring@vfb.no)

Er du bekymra for barn og ungdom i nærmiljøet ditt kan du ringa bekymringstelefonen. Her møter du fagpersonar med erfaring frå arbeid med barn og unge. Du kan vera anonym. Du treng heller ikkje vera redd for at du uteleverer nokon. Vi lyttar til deg, snakkar med deg og hjelper deg. Vi har sjølv sagt teieplikt. Enkelte gonger kan ei samtale vera hjelp nok i seg sjølv.

### **DEN DIGITALE VERDA**

I 'Kunnskapsløftet' og dei nye læreplanane, er det vedteke at det 'å bruka digitale verktøy' er ein grunnleggjande ferdighet på linje med å lesa, skriva, rekna og uttrykkja seg muntleg. Farnes skule er godt i gang med å ta i bruk IT-verktøy i arbeidet med skulefaga. I tillegg arbeider vi med å vidareutvikla heimesida vår til å bli eit enno betre verktøy for digital kommunikasjon mellom lærar, elev og føresette.

I tillegg til at IT-utstyr er kostbart, kan det både brukast og misbrukast. Utviklinga skjer så fort at vi som er vaksne lett kan detta av lasset i høve til korleis elevane orienterer seg på dette området. Skule og føresette har difor eit felles ansvar i å oppdra elevane til god bruk av dataverktøyet.

## INFORMASJON FRÅ UTDANNINGSDIREKTORATET TIL ELEVAR OG FØRESETTE OM

### SKOLEPORTEN.NO

Nettstaden samlar allsidig informasjon om og for skulen og skuleeigaren – som i dei fleste høve er kommunen eller fylkeskommunen. Alle barneskular, ungdomsskular og vidaregåande skular blir presenterte med fakta, resultat og kartleggingar. Som du skjønar, vil også informasjon om din skole ligge ute på [skoleporten.no](http://skoleporten.no)

Eksempel på opplysningar som du kan finne om din skule, er

- Antall elevar
- Antall PC-ar med internettoppkobling i prosent
- Antall elevar per undervisningsårsverk
- Resultat frå Elevinspektørene som blant anna seier noko om motivasjon og trivsel

- Resultat frå eksamen
- Lenke til skulen si heimeside og e-postadresse

Det er ikke sikkert at det finst informasjon om din skole på alle område. Det kan skuldast at data ikke finst (eksempel: det er ikke eksamen på barneskular), at data ikke er tilgjengelege (eksempel: feil i rapportering) eller at data er utelatt av hensyn til personvernet.

I skoleporten.no kan ikke opplysningar knyttast til bestemte elevar. Det er kun snakk om gjennomsnittsverdiar på gruppenivå, skulenivå, kommunenivå, fylkesnivå og nasjonalt nivå. Hensyn til personvernet kjem også inn på små skular der det er mindre enn ti elevar på klassesetrinnet.

Hovedmålgruppa for skoleporten.no er tilsette i skulesektoren, men du som elev eller føresett skal også kunne finne nyttig informasjon som blant anna kan nyttast i heim-skule-samarbeidet.

Innhaldet i skoleporten.no er omfattande og variert. Du vil imidlertid ikke kunne finne rangeringslister eller 10-på-topp-lister, men derimot vil du finne eksempel på godt lokalt skuclearbeid.

Velkommen inn i [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no)



## TILSETTE VED FARNES SKULE 2023/24

### ADMINISTRASJON

Jevnaker, Kurt	Rektor
Eldegard, Hanne Britt	Avdelingsleiar 1.4. kl B.steg
Winther, Marte	Avdelingsleiar 5.7. kl B.steg
Skrede, Rigmor	Avdelingsleiar 8.-10.kl U.steg
Fjeldstad, Ann Kristin	Konsulent
Sem-Johansen, Stein Idar	

### Klasserom



953 66 003
408 43 270
977 21 114
905 22 428
458 79 359
934 52 551

### SPESIALPEDAGOGISK

#### KOORDINATOR

Winther, Marte	977 21 114
----------------	------------

### RÅDGJEVAR

Skrede, Rigmor	905 22 428
----------------	------------

### IKT ANSVARLEG

Vigdal, Kjell Arne	944 34 751
--------------------	------------

### 1.klasse

Hilleren, Vigdis	Kontaktlærar 1	U204/205	458 79 348
Hellebø, Marianne Vee	Kontaktlærar 1	/206	«
Øyre, Joachim	Kontaktlærar 1	«	«

### 2.klasse

Åmås, Anita Thune	Kontaktlærar 2	U202/202	458 79 348
Martine Myklevold	Kontaktlærar 2	«	«
Larsen, Kari		«	«

### 3.klasse

Endresen, Signe	Kontaktlærar 3	U301	45879349
Ylvisåker, Silje	Kontaktlærar 3	U302	«
Fredheim, Elin	Kontaktlærar 3		«
Øvstetun, Janne			«

### 4.klasse

Hauge, Unn Merete	Kontaktlærar 4	U304/305	45879349
Hunhammer, Gry		«	«
Grøndal, Marit Vetti	Kontaktlærar 4		«
Hellegård, Hilde	Kontaktlærar 4	«	«
Tomasz Grzegorz Pocztut			«

<b><u>5.klasse</u></b>			
Røen, Mette-Lise	Kontaktlærar 5	U156/159	45879350
Nesheim, Eirik Rostrup	Kontaktlærar 5	«	«
Mannsverk, Simen			
<b><u>6.klasse</u></b>			
Sorrun Bøtun	Kontaktlærar 6	U257/260	45879352
Ålvik, Kari Anne	Kontaktlærar 6	«	«
Kuger, Erik Robert	Kontaktlærar 6	«	«
Rode, Eirik		«	«
Pedersen, Linda Therese			
Marianne Haug Moen			
<b><u>7. klasse</u></b>			
Moen, Merete	Kontaktlærar 7	U354/357	45879353
Jor, Hanna Pedersen	Kontaktlærar 7	«	«
Ålvik, Jorunn Bjørk			«
Øy, Siv Hege			
<b><u>8.klasse</u></b>			
Svori, Anette	Kontaktlærar 8		45879347
Vetti, Ingjerd Høgseth	Kontaktlærar 8		«
Hestetun, Anne Ølnes	Kontaktlærar 8		«
Stedje, Christian	Kontaktlærar 8		«
Mardini, Nanna Kroll	Kontaktlærar 8		45879354
Hunshammer, Frida T			«
Midtun, Kari Ann			«
<b><u>9. klasse</u></b>			
Svori, Heidi	Kontaktlærar 9		
Walaker, May-Ruth	Kontaktlærar 9		
Øvstetun, Janne			
Zerbst, Elena			45879354
<b><u>10. klasse</u></b>			
Bergerud, Anna	Kontaktlærar 10		
Brekke, Randi	Kontaktlærar 10		
Ylvisåker, Brede	Kontaktlærar 10		
Hestethun, Tatjana			
Eldegard, Kristin			
Nina Sem-Johansen			
Stine T. Stenersen			
Linda T Pedersen			
Nina Isaieva			



### ***SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)***

Eldegard, Hanne Britt	Leiar	408 43 270	
Hov, Rigmor			
Reppen, Mona	Avd.leiar KASPER	U203	458 79 362
Pedersen, Linda Therese			
Larsson, Hanna			
Hove, Jorunn	Avd.leiar JESPER	U300	993 98 369
Johansen,Nina			
Holsæter, Karin			
Lomheim, Marit Søndrol	Avd.leiar JONATAN	U303	952 69 311
Henjum, Monika			
Isaieva, Nina			
Stenersen, Stine T.			